

Leder & kommentar

Aftenposten

Grunnlagt 1860
Av Chr. Schibsted

Aftenposten
arbeider etter
Vær Varsom-plakatens
regler for god presseetikk.

Trine Eilertsen
Sjefredaktør

Tone Tveøy
Strøm-Gundersen
Nyhetsredaktør

Kjetil B. Alstadheim
Politisk redaktør

Cecilie Asker
Kulturredaktør

Erik Tornes
Debattredaktør

Jostein Larsen Østring
Utviklingsredaktør

Audun Solberg
Redaktør avis og forlag



Kontaktinformasjon
på Kaffepause-sidene.

Aftenposten

Lytt til
Forklart.
ap.no/podkast



Det ular i blodtåkeluren

Uansett kva gale nokon har gjort, så skal det vere
mogeleg å forestille seg eit liv etterpå.



På en mandag
Agnes Ravatn
agnesarvatn@gmail.com

Det rykker i rettsteiknaren idet den hovudtaltalte skuleflinkt framfører at han har forstått at det han har gjort, var galt. No vil han sone straffa si. Etterpå vil han tilbake ut i jobb og bidra til samfunnet. Rettsteiknaren kjenner instinktivt på ein sterk uvilje mot at mannen skal få lov til å bidra med noko som helst etter det han har gjort.

Samtidig må ho erkjenne at han jo har heilt rett: Det felles målet for samfunnet er at dei som har gjort noko gale, skal ta straffa si og deretter kome ut og bidra til samfunnet.

Ho som fortel dette, er Ane Hem, retts-teiknar og journalist med bakgrunn blant anna frå Aftenposten. Dei fleste har nok sett pastellportretta hennar frå norske rettsalar, seinast i saka mot Marius Borg Høyby.

Våren 2020 gav Hem ut boka «Et spørsmål om skyld», der ho fortel frå dei mange sakene ho har følgd i kraft av å vere rettsteiknar. Eg har lyst til å løfte fram den boka, i og med at eg mistenker at ho hamna ein smule under radaren då ho kom ut. Lanseringa av boka skjedd uheldigvis samtidig med lanseringa av eit visst virus.

Medkjensle er stikkordet

«Et spørsmål om skyld» er ei unik bok, like spennande og rystande som ho er reflektert og perspektivutvidande. Alle som har interesse for rettssystemet, vil ha utbytte av Hem sine forsøk på å prøve å forstå menneske som befolkler det: dei tiltalte, dei fornærma, dei pårørande i begge leirar, juristane og dei sakkunni-

ge. Medkjensle er stikkordet.

«Det finnes ikke mennesker man ikke kan fatte sympati for om man kjenner hele livet deres», tenker Hem mens ho lyttar til forklaringa til ei kvinne. Kvinna er tiltalt i samme sak som den mannen som ser slik fram til å bidra til samfunnet etter enda straff. Saka – ei overgrepssak med spedbarn som offer – er vanskeleg berre å lese om. Gjerningane dei blir dømde for, er umenneskelege. Men det er medmenneske som har utført dei.


Kanskje må det ein teiknar sitt følsomme blikk for kroppshaldning og ansiktsuttrykk til, men uansett kva for monstrøse handlingar personane i boka har gjort, så hjelper Hem oss å sjå dei som menneske. Og etter ferdig soning skal dei tilbake ut i samfunnet.

Og så bibliotekforeininga, liksom!

Medmenneskelegheit er også eit ord som omsider begynte å dukke opp sist veke. Først i kommentarfelta, deretter i sjølve presseopplaga. Stemningsskiftet er her.

Etter dei første opphissande vekene med Espstein-dokument og Høyby-retts-sak har ei uro over det som har begynt å likne grenseløse, breidd seg. Det gjer inntrykk å sjå heilt ekte menneske bli rivne frå kvarandre i sanntid. Det siste me såg til Thorbjørn Jagland før sjukehusinnlegginga, var då media heilt bokstaveleg jakta på han i flokk nedover gata i ein moderne kanossagang.

Norsk bibliotekforening si eineståande elendige timing for brotet med kronprin-



Tegning: Christian Bloom


sessu vekker meir hovudristing enn niking. Og så bibliotekforeininga, liksom! Å lese, særleg skjønnlitteratur, er jo ei øving i innleving. I å tenke: Det kunne vore eg. Tenk om det faktisk var eg?

Den menneskelege innlevingsevna er eit alarmsystem som no har begynt å ule.

Som Civita-leiar Kristin Clemet skriv, er det uheldigvis opp til pressa sjølv å avgjere kva som har offentleg interesse, og dei siste vekene har *alt* vore av inter-



Når helten då gjer sine katastrofale feilvurderingar og forårsakar sitt eige fall, kan publikum puste letta ut: Så du trudde du var betre enn oss?



esse: ikkje berre den pinlege mailkorrespondansen, men også innsida av *kjellarboden*, der eskene med hemmelegstempla dokument står lagra side om side med ei akk så uopna eske med ein makuleringsmaskin! Ikkje berre chatloggane, men òg pornosøkeloggen til den titalte i sal 250 som no omtalar seg sjølv som eit monster.

For kvar nye flik av privatliv som blir offentleg, må vegen tilbake til samfunnet verke meir og meir umogeleg.

Ein god tragedie

Harmen over maktmisbruket og korrupsjonen som Epstein-filene gir oss innsyn i, er rettmessig. Uansett kva dei ulike etterforskningane etter kvart vil vise, så er det klart at dei impliserte har gjort seg skuldige i opptil fleire dødsynder, inkludert hovmod og grådighet.

Fleire er skuldige i å ha blitt løfta inn i den eine opphogde posisjonen etter den andre, av system som no skal granskast av fleire kommisjonar. Og kva for dødsynder vadar eg vel ikkje sjølv i, her eg

sit med såre fingertuppar etter veker med intensive Epstein-dokumentsøk, akkompagnert av eit indre jubelrop: Mere blod! Mere blod! Ikkje i hemngjerlighet eller i sympati med Epsteins kanskje tusen offer. Nei, i nedrig, våryr skadefryd over atter å få lov til å vere vitne til det episk dimensjonerte fallet.

Som Aristoteles lærte oss for eit par tusen år sidan: Skal du lage skikkeleg tragedie, må du sørge for å gi helten fallhøg. Helst skal det vere ein kongeleg – men ein administrerande direktør i Norsk Industri eller ein internasjonalt bejubla toppdiplomat vil også dugge. Når helten då gjer sine katastrofale feilvurderingar og forårsakar sitt eige fall, kan publikum puste letta ut: Så du trudde du var betre enn oss? Lagar fred og greier ned i Midtausten, seier du? Vel, sjå på deg no!

Men ifølge Aristoteles skal ein god tragedie ikkje berre skape eksaltert skadefryd i publikum, men også frykt – og medkjensle. Først då er tragediens eigentlege mål nådd: katarsis. Rensinga.



For kvar nye flik av privatliv som blir offentleg, må vegen tilbake til samfunnet verke meir og meir umogeleg

No gjennomgår me ei form for kollektiv utlufing: Plutselig kan det tenkast at svar utbedes-trykket mot kronprinsessa, med sine tre parallelle kriser, blei litt voldsomt når det kom til stykket. Og kanskje blei «det samla medietrykket» mot Marius Borg Høyby og dei fornærma likevel litt i overkant av kva me hadde sett for oss? Greitt nok å pirke i Jagland,

men var det nødvendig å dytta han heilt over ende? Oops, we did it again.

Menneskeleg å feile

Uansett kva gale nokon har gjort, så skal det vere moegeleg å forestille seg eit liv etterpå. Samfunnets behov for rettferd når nokon har gjort noko straffbart, er viktig og sunt. Men alle veit òg at det er menneskeleg å feile. At det er ein klisjé, gjer det ikkje mindre sant.

Tilgiving og forsoning finst. Det krev rett nok innrømmelsar og truverdige anger: Når nokon har drite seg skikkeleg ut, så held det ikkje berre å anlegge skjegg, starte lokallag og kjøre på.

Men når blodtåka no har lagt seg, dommarane i sal 250 har trekt seg tilbake, folkedomstolen har begynt å summe seg og media nok ein gong på sitt føreseielege vis skal granske sine eigne etiske vurderingar, så gjenstår spørsmålet: Når det står på som verst, kva skal til for å klare å sjå på synderane blant oss ikkje berre som svart-kvitt, men med pastellkritt?